# Radar

2016 nr. 2 | Kyrkjeblad for Radøy sokn | 32.årgang



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

**Idrettsvegen 1, 5936 Manger**
**Tlf 5634 9840**

**www.kirken.no/radoy**

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J.William Kay
915 91 482

Organist II Frode S.Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jūratė Norkuvienė
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G.Hvidsten
909 18 214


# *Nytt frå dagleg leiar*

## *Diakoni*

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

Soknerådet har no oppretta eit diakoniutval med personar frå soknerådet og andre. Ein ser før seg at utvalet skal arbeide både med diakoni og misjon. Utvalet skal ha sitt første møte før sommaren. Vi vil koma tilbake med meir informasjon om diakoni i neste Radar.

## *Økonomi*

Den lokale kyrkja er ei sjølstendig driftseining men er likevel i hovudsak finansiert gjennom komunale overføringar. Andre inntekter er leigeinntekter, festeavgifter, gåver, offer og godtgjerdsle for utførte tenester. Økonomien er stabil, men ikkje romsleg. For 2015 synte rekneskapen eit underskot på kr. 19 613. Ut frå at soknet ikkje har som mål å bygge reservar er dette tilfredstillande. Nordhordland Revisjon IKS har utført revisjonen.

## *Stillingsressurs i soknet*




## *Driftsrekneskap*

| **Inntekter** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|
| Brukarbetaling, salg, avgifter og leigeinntekter | kr.795 324 | kr. 657 330 |
| Refusjonar og overføringar | kr. 452 115 | kr. 411 829 |
| Statlege tilskot | kr. 840 129 | kr. 817 222 |
| Rammeoverføring, tilskot frå eigen kommune | kr. 3 983 033 | kr. 4 133 000 |
| Andre tilskot, gåver, innsamla midlar | kr. 429 913 | kr. 387 459 |
| **Sum inntekter** | **kr. 6 500 514** | **kr. 6 406 839** |
| **Utgifter** | 2014 | 2015 |
| Løn og sosiale utgifter | kr. 3 922 822 | kr. 4 030 358 |
| Kjøp av varer og tenester | kr. 2 020 706 | kr. 1 869 454 |
| Refusjonar og overføringar, gåver, prosjekt | kr. 522 609 | kr. 505 573 |
| **Sum driftsutgifter** | **kr. 6 466 137** | **kr. 6 405 385** |
| **Brutto driftsresultat** | **kr. 34 376** | **kr. 1 454** |
| **Finansinntekter og finansutgifter** | | |
| Renteinntekter og utbytte | kr. 69 264 | kr. 56 113 |
| Renteutgifter og låneomkostningar | kr. -54 887 | kr. -43 532 |
| Avdrag på lån | kr. -198 134 | kr. -198 133 |
| **Netto finansinntekter/-utgifter** | **kr. -183 757** | **kr. -185 552** |
| **Interne finansieringstransaksjonar** | | |
| Bruk av bundne fond | kr. 69 182 | kr. 175 530 |
| Avsatt til bundne fond | kr. -173 590 | kr. -11 044 |
| **Meirforbuk / Mindreforbruk** | **kr. -253 789** | **kr. -19 613** |



## *Årsmøte*

Møtet vart halde i kyrkjestova søndag 13.mars etter gudstenesta. Frammøtet var godt. Til saman 36 personar. Årsmelding for 2015 vart presentert på møtet. I tillegg informerte leiar Gunnar Kartveit om fasteaksjonen 15.mars. Pengane går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Leiar hadde også informasjon om flyktningekrisa i Syria.

## *Manger kyrkje*





Arbeidet med stabilisering av kyrkja starta etter planen mandag 2.mai. På førehand var alle benkane flytta til Manger Fiskemat sine lokaler på Mangerskaien og orgelet pakka inn. Det er lagt plater på golvet og montert stillas både inne og ute. For å få forankra kyrkja til fjell har vi hatt inne ein liten borerigg. Vi finn fjell ca 4-5 meter under kyrkja. Det vert sett ned stålstag som skal festast i gavlane. Trappene til galleriet er tatt ut og det ser ut som dei kan bevarast og setjast tilbake på plass. No vert det frest spor i gavlveggane og lagt inn stålstag som skal stive av kyrkja. Så langt går alt arbeid etter oppsett tidsplan. Arbeidet skal etter planen ta 5 månader.

## *Gravplassane*



Sommaren er ei tid der mange går på gravplassane. Det har diverre hendt ulukker der stein har velta og skada personar. Dersom ein finn støtter som står dårleg vil vi gjerne ha melding om det slik at det kan verta utbetra. Dette er i utgangspunktet festar sitt ansvar, men vi utfører arbeidet for dei som ønsker det.

Vi set gule lappar på ein del gravminne fordi vi ikkje har navn på ansvarleg festar. Når festar dør får vi sjelden melding om kven som skal ta over. Ta gjerne kontakt med oss eller slekt dersom de kjenner til kven som kan vera rette vedkomande.

Vi har dyktige utearbeidarar som set si ære i å halde det fint og velstelt. I ein travel kvardag kan det likevel hende at det kjem gras frå kantklipparen på gravminne og blomster og vi ber om forståing for at dette kan skje.

*Audun Sylta*
*Dagleg leiar*



SØNDAGSSKULEN – Jesus til barna

# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus er den gode gjetaren!




## Lei sauane gjennom labyrinten!

Hjelp den gode gjetaren å leie sauane sine trygt gjennom labyrinten.



## Kryssord

1. Mann i 2.Timoteus 4,11
2. By i Lukas 19,28
3. By i Apostel-gjerningane 10,1
4. Fuglar i Lukas 12,6
5. Kvinne i Markus 15,40
6. Fugl i Matteus 3,16
7. Konge i Romarane 4,6
8. Yrke i Apostel-gjerningane 18,3

I agent-kryssorda skal de berre bruke Det nye testamentet. Store tal i Bibelen er kapittel, og små tal er vers. Markus 2,11 tyder altså kapittel 2, vers 11 i Markus. Løysinga på kryssordet står i dei farga rutene.

Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,- (privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn




Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

# *Tårnagenthelg i Sæbø*

**Den 16. og 17. april høyrde naboene til Sæbø kyrkje litt ekstra bjelleklang. Dette var ikkje ein alarm eller ei ekstra gudsteneste. Saka var at 24 tredjeklassingane hadde inntatt Sæbø kyrkje for å løyse mysterier og vanskelege spørsmål. Dei var invitert til "Tårnagenthelg".**



Ein del av kyrkjeinventaret hadde blitt borte. Ein mysteriøs person hadde blitt obsertvert i kyrkja dei siste dagane, og agentane vart satt på saka. Heldigvis vart alle gjenstandane (alterbibelen, lysestakane og kalken/disken) funne, og agentane fekk møte den mysteriøse mannen som viste seg å vera tårnagenten. Tårnagenten leia dei opp i tårnet, heilt opp til der klokkene heng. På ein vidunderleg måte høyrde dei at klokkene også hadde ein bodskap: "Land, land, land, høyr Herrens Ord!"

Vi høyrde også påskeforteljinga: Jesus sitt liv og korleis han døydde på krossen og stod opp att. Ungane koste seg med bollar og saft og jobba med fleire oppdrag. På søndag var dei med på gudstenesta, der dei hjelpte til å ringe med klokkene, ta opp kollekt, henge opp salmenummer og lese tekst. Tusen takk for innsatsen til dei flinke tårnagentane!





# *La det gro!*

**Eit sennepsfrø er eit særs lite frø, men når du sår det kan det verta ein riktig stor busk - spesielt i midtausten der klimaet er optimalt. Busken vert like stor som eit lite tre og fuglane elskar det oljeriket frøet.**



I mai hadde vi ei samling i etterkant av utdelinga av Det nye testamentet. Me høyrde Jesus si likning om sennepsfrøet, det minste av alle frøa som vert brukt i Israels jordbruk. Dette frøet vert som eit lite tre slik at fuglane byggjer sine reir i det. Vi undra oss saman over kva dette kunne tyda. Vi lurte på korleis trua vår kan veksa, og vi lurte også på om det gjekk an å sjølv kunne så eit slikt frø og få det til å verta ein stor busk. Dette gjorde vi til ein konkurranse og den som fekk den største sennepsplante skulle få ein premie.

No har vi samla inn resultata og vinnaren er: Ingebjørg Helland med heile 91 cm på 16 veker. Premien er ei fin fargeleggingsbok.

*Wilco Vogelaar*
*Trusoppplæringskoordinator*

## *Vipps... så har du ofra!*

Det har gjennom fleire år kome oppmodingar frå kyrkjelyden om å få nytta elektronisk betaling når vi har takkoffer i kyrkja. Vipps er ei ny teneste fra DNB som har vorte svært populær på kort tid. Ein del kyrkjelydar har allereie byrja med ofring via Vipps, i tillegg til kontantar. Radøy sokn kjem til å innføre løysinga innan kort tid. Følg med på nettsidene våre og Facebook!



# *Misjon i Estland - en hjertesak for NMS*

**Så dette feirer vi, mødrene i Estland fortjener også å få sin egen dag og bli ekstra satt pris på. På babysang i Mustamäe, feiret vi denne dagen på fredag, siden babysang bare er på fredager. Alle mødrene fikk en krone som ungene deres hadde laget. Laura og jeg hadde også øvd inn en sang som vi sang for å hylle mødrene. Klarte til og med å knipse noen bilder hvor nesten alle så like fornøyd ut.**



I dag har vi også feiret mødrene. På søndagsskolen, før gudstjenesten laget vi blomster som de kunne ta med seg hjem å gi til sin mor.

Min blomst ble dessverre liggende igjen i kirken, men da kan noen andre kanskje få gleden av den. I tillegg fikk alle mødre en rose etter gudstjenesten – og JEG FIKK EN ROSE! Her er det noe jeg ikke har fått med meg. Neida, presten forklarte at alle kvinner fortjente litt oppmerksomhet i dag – så det setter jeg pris på. Elsker blomster! (Ja, jeg er nok en typisk kvinne)

Nok en flott dag med et nydelig vær!

*Hilsen,*
*Brit Helen Finstad*



- *Brit Helen er ei livlig jente i fra Verdalen, Klepp. Dette året er hun ansatt i NMS og skal være ti måneder i Estland hvor hun skal drive med barne- og ungdomsarbeid i to menigheter – Mustamäe og Saku.*

# *Nytt frå Hordabø*

**Kyrkjelydsutvalet i Hordabø vil også i år skipa til basar. Den vert på Hordabø skule den 24.september kl. 16. Oppleget vert som vanleg med åresal, litt å bita i og trekking av loddbøker.**

Sølvi har ansvaret for åregevinstar. Dei kan leverast til henne før 1.september. Ludvig har ansvar for gevinstar til loddbøkene, og dei kan leverast til han før 1.august. Irene har fått ansvar for maten, så ta kontakt med henne. Me er takksame for gevinstar og håpar det vert eit godt resultat i år òg.

## *Avslutning med minikantoriet i Hordabø.*



Ein onsdag før påske inviterte Sølvi til avslutning av korsesongen i kyrkja. Foreldre, besteforeldre og andre heldige fekk koma på minikonsert. Sølvi og medhjelparane hennar hadde laga til kvelds, så det vart ei ekstra hyggeleg stund i kyrkja. Takk for ein fin kveld!

*Helsing kyrkjelydsutvalet med ynskje om ein god sumar!*





# *Haustleir på Alværa den 5.-7. oktober for 2.-6. klasse*



**Haustleir på Alværa er eit tradisjonsrikt arrangement, som stadig samlar nye og gamle leirdeltakarar til gode dagar med leik og læring!**

Vi har det moro på leirkveld med leikar og konkurransar. Vi lærar om Jesus og misjon på innhaldsrike samlingar. Vi har det hyggelig med vener i fritid og aktivitetar. Vel møtt!

Pris: kr. 700,- og for sysken 2,3,4: kr. 650,-
Se www.nmsu.no/bjorgvin for påmelding og mer informasjon

# *Medialeir på Alværa den 16.-18. oktober for 5.-8. klasse*

**Vil du lære om fotografering, om å lage avis eller film? Vil du prøve deg med kameraet, ved dataen eller med skriveblokka?**

Denne leiren har fokus på å lære om media! Vi vil også ha leirkveld, lek, samlingar der vi blir betre kjend med Jesus, misjonsfokus og god fritid med til til prat, leik og avslapping! Pris: kr. 700,- og for sysken 2,3,4: kr. 650,-

Se www.nmsu.no/bjorgvin for påmelding og mer informasjon



# *Takk til kyrkjeforeininga i Sæbø*

**I år har kyrkjeforeininga på Sæbø 25-års jubileum. Tradisjon tru, arrangerte dei basar på Sæbø skule til inntekt for kyrkja.**



Foreininga har hatt fem-seks trufaste medlemar: Gudrun Storheim, Magnhild Askeland, Åshild Storheim, Lilly Hole og Maria Fjellsende. Dei har hatt samling rundt ein gong i månaden, og etter at Gudrun kom på Velferdssenteret, har ein også hatt foreiningsmøte der.

Damene i kyrkjeforeininga har vist stor engasjement for kyrkja. Blant sakene dei har engasjert seg i og finansiert er: Nytt orgel, nye stolar, nye kyrkjetekstilar til preikestol og lesepult, nytt nattverdsutstyr, ny safe, oppussing av lysekruna og mykje meir. Dette er damer som er flinke med handarbeid, og det er ikkje lite dei har laga både til kyrkja og til den årlege basaren!

Framover har foreininga planar om å gje kyrkja ny messehakel i raud farge, få veva eit nytt klede under alterduken og å arrangere juletrefest i kyrkja!

Kyrkjelyden og soknerådet takkar foreininga for stort engasjement dei siste 25 åra!

*Grethe Lunde*

*Neste nummer av Radar kjem ut til hausten.*

**Frist for innsending av stoff er 1.september.**
Er det ting du gjerne vil lesa om i bladet, eller har du eit innlegg eller bilete du vil dele med andre? Skriv gjerne ein epost til organist@radoysokn.no eller gr-lunde@online.no

# Familienytt

## Døypte

*Seremonidato*

28.02.16 Jenny Linea Sørensen Steindal
28.02.16 Evelina Instebø Aakvaag
28.02.16 Tobias Larsen Pedersen
06.03.16 Emma Lilletveit Marøy
13.03.16 Sander Mateo Blomgren
20.03.16 Tuva Gundersen Johannessen
20.03.16 Henrik Bekkenes Morken
27.03.16 Jarand Bøe Pedersen
03.04.16 Aron Molvik Sætre
03.04.16 Sander Haugland Raknes-Rossland
24.04.16 Ellinor Markhus-Olsen
24.04.16 Mathias August Mellingen
24.04.16 Simon Skar
22.05.16 Maya Kolstad
22.05.16 Mille Aareskjold
22.05.16 Marte Pletten Skråmestø
05.06.16 Leo Elias Fanebust Glomnes
05.06.16 Solveig Christiansen Urhaug
05.06.16 Emma Nelly Soltveit

## Vigde

*Seremonidato*

28.05.16 Renate Alvheim og Alexander Toska
28.05.16 Ina Jeanette Vågenes Sævdal og Tore Namtvedt
04.06.16 Kristin Vetås og Atle Gjelsvik

## Døde

*Seremonidato*

26.02.16 Aslaug A Steindal
04.03.16 Johannes Sigmund Hvidsten
15.03.16 John Oddvar Taule
22.03.16 Kjell Otto Dahle
22.03.16 Hilda Nordanger
29.03.16 Eva Margrethe Hoff
01.04.16 Leif Arthur Brattetaule
01.04.16 Olav Vetås
05.04.16 Erling Haugland
22.04.16 Jonny Mikal Vaktskjold
29.04.16 Aslaug Kviste
10.05.16 Borgny Marøy
13.05.16 Johan Karl Brevik
07.06.16 Helga Olava Breivik




# Innkomne offer

| | | | |
|---|---|---|---|
| 10.02 | Oskeonsdag | Stefanusalliansen | kr 739,00 |
| 14.02 | 1. sundag i fastetida | Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt | kr 1 862,00 |
| 21.02 | 2. sundag i fastetida | Menneskeverd | kr 1 413,00 |
| 28.02 | 3. sundag i fastetida | Kirkens Fengselsarbeid | kr 2 213,00 |
| 06.03 | 4. sundag i fastetida | Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) | kr 1 680,00 |
| 13.03 | Maria bodskapsdag | Amathea | kr 1 785,00 |
| 20.03 | Palmesundag | Den Norske Israelsmisjon | kr 2 568,00 |
| 24.03 | Skjærtorsdag | Kirkens SOS i Bjørgvin | kr 3 350,00 |
| 27.03 | Påskedag | Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt | kr 4 097,00 |
| 03.04 | 2. sundag i påsketida | Haraldsplass Samtalesenter | kr 1 688,00 |
| 10.04 | 3. sundag i påsketida | Familie og medier | kr 2 928,00 |
| 17.04 | 4. sundag i påsketida | Det Teologiske Menighetsfakultet | kr 2 975,00 |
| 24.04 | 5. sundag i påsketida | BarneVakten | kr 1 927,00 |
| 30.04 | 6. sundag i påsketida | Trusopplæring i Radøy | kr 2 980,00 |
| 30.04 | 6. sundag i påsketida | Trusopplæring i Radøy | kr 5 417,00 |
| 01.05 | 1.mai | Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn | kr 3 418,00 |
| 07.05 | Laurdag | Trusopplæring i Radøy | kr 1 548,00 |
| 07.05 | Laurdag | Trusopplæring i Radøy | kr 614,00 |
| 08.05 | Sundag før pinse | Trusopplæring i Radøy | kr 2 718,00 |
| 08.05 | Sundag før pinse | Trusopplæring i Radøy | kr 3 950,00 |
| 15.05 | Pinsedag | Institutt for Sjelesorg | kr 1 581,00 |
| 17.05 | 17. mai | Kirkens Nødhjelp | kr 1 928,00 |
| 17.05 | 17. mai | Kirkens Nødhjelp | kr 3 505,00 |
| 17.05 | 17. mai | Kirkens Nødhjelp | kr 1 438,00 |
| 22.05 | Treeiningssundag | Trusopplæring i Radøy | kr 2 083,00 |
| 29.05 | 2. sundag i treeiningstida | Det Norske Bibelselskap | kr 3 540,00 |
| 05.06 | 3. sundag i treeiningstida | Changemaker | kr 2 168,00 |

| | Hittil i 2016 | Denne perioden |
|---|---|---|
| Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk): | kr 3418,00 | kr 3418,00 |
| Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år): | kr 19225,00 | kr 19 225,00 |
| Offer til andre organisasjonar: | kr 57 539,00 | kr 43 385,00 |













Bli FADDER til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid blant barn og ungdom frå 0-18 år. I dag har vi 1 medarbeidar i 60% stilling. For å utvikle dette tilbudet må vi ha ein ekstra medarbeidar. Dette vil i første omgang koste ca 130.000 kvart år og då treng vi di hjelp!

Har du lyst til å bli fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din?

Ja, eg vil gje:

- ☐ NOK 89,- per mnd.
- ☐ NOK 150,- per mnd.
- ☐ NOK 300,- per mnd

Gje det vidare!

FYLL UT SKJEMA PÅ BAKSIDA AV BROSJYREN

Som fadder får du fadderbevis.
Du får invitasjon til årleg fadderfest!

## Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

*Støtt trusopplæringsarbeidet blant born og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!*

☑

JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr ______________ per månad og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk.

Navn på banken:

| Mottakar | Mottakar sitt kontonummer | |
|---|---|---|
| Radøy sokn | 3636 07 04682 | |

Trekk frå mitt kontonummer: ☐☐☐☐ ☐☐ ☐☐☐☐☐

Summen vert trekt den 20.kvar månad

| | |
|---|---|
| **Personnummer, 11 siffer** Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag | ☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐ |
| **Namn** | |
| **Adresse** | |
| **Postnummer og stad** | |
| **Underskrift** | |
| **Stad og dato** | |

Etter Personopplysingalova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til dømes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

**Ferdig utfylt skjema skal sendast til**
**Radøy sokn**
**Idrettsvegen 1**
**5936 Manger**

DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Frantzen's Gartneri
BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no

Vatne Begravelsesbyrå
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

FISKENETT
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

MTI IT SERVICE

accountor
AB ØKONOMISERVICE AS
AB Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
56355580

BUNNPRIS
Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

RISNES ELEKTRO AS
Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser
Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255

Tannlege Sondre Villanger Håland
Grønålvegen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so www.tannlege.so

TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERØR

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# Vel møtt i kyrkja!

**Sjå òg nett-sidene våre: kirken.no/radoy**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 19.06 | 5. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til Trusopplæring i Radøy |
| 26.06 | 6. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til Kirkens Sosialtjeneste |
| 03.07 | 7. sundag i treeiningstida | 11:00 | Emigrantkyrkja | Gudsteneste Offer til Vestnorsk utvandringssenter |
| 10.07 | 8. sundag i treeiningstida | 11:00 | Hordabø kyrkje | Gudsteneste Offer til Kirkens ressurssenter mot seksuelle overgrep |
| 31.07 | 11. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til Norges Kr. Studenterforbund |
| 07.08 | 12. sundag i treeiningstida | 11:00 | Hordabø kyrkje | Gudsteneste Offer til Diakoni og kyrkjemusikk |
| 14.08 | 13. sundag i treeiningstida | 11:00 | Hordabø kyrkje | Gudsteneste Offer til Misjonsalliansen |
| 21.08 | 14. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til KABB |
| 28.08 | 15. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til Trusopplæring i Radøy |
| 04.09 | 16. sundag i treeiningstida | 11:00 | Hordabø kyrkje | Gudsteneste Offer til Misjon uten grenser |
| 11.09 | 17. sundag i treeiningstida | 11:00 | Hordabø kyrkje | Gudsteneste Offer til IKO |
| 18.09 | 18. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til IKO |
| 25.09 | 19. sundag i treeiningstida | 11:00 | Sæbø kyrkje | Gudsteneste Offer til Kristen Muslimmisjon |

*"...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje."*
*Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*



## Elektronisk bestilling av dåp

Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nett-staden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester. Besøk oss på www.kirken.no/radoy og klikk på "Dåp"!

## Opningstider i sommar

Fra mandag 20.juni til fredag 26.august har kontoret åpent mandag, tirsdag og torsdag kl. 10:00 - 14:00. For viktige meldingar kan ein ringe tlf. 90 19 51 79
Hugs at du også kan kontakta oss via epost og sosiale media.
www.kirken.no/radoy

**Redaksjon:** Grethe Lunde, J.William Kay
**Utforming:** J.William Kay • **E-post:** kontor@radoysokn.no • **Trykk:** Trykk Service A/S Knarvik
**Bilete:** © Kirkerådet, Sondre Villanger Håland, Willem Vogelaar, Grethe Lunde, William Kay, Audun Sylta, Pixabay (framside).

DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn